



DEN NORSKE KYRKJA

Leikanger sokneråd

Leikanger 13.april 2021

Referat frå møte i Leikanger sokneråd 13. april 2021

Til stades: Signe Eikenes, Åse Kongsvik, Jon Erling Oppedal, Tore Oddvin Stølen, Tove Stensås, Vegard Bondevik Lie, Eli-Marita Vik Næss

Sakliste:

Sak 21/21

Innkallinga og referatet er godkjende.

Sak 22/21 Skriv og meldingar

Saksframstilling:

Skriv

- Ingen skriv til dette møtet

Orienteringssaker:

- Gudstenestene sidan sist v /Vegard
 - Det er gjennomført ei gudsteneste sidan sist møte, den 14.mars.
- Vegard orienterer om status for overrislingsanlegg i kyrkja og rehabilitering av bårehuset
- Biskopen har sett i gang ein arbeidsmiljøprosess med dei tilsette

Framlegg til vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Vedtak:

Orienteringane vert tekne til vitande.

Sak 23/21: Tysdagstreff - organisering og frivillingrutine

Saksframstilling:

Soknerådet har handsama saka om frivilligrutinar i fleire omgangar; Sak 14/20, sak 22/20 og sak 12/21. Rutinen for tysdagstreff har vore utsett sidan vi ønska å drøfte organisering og opplegg for tysdagstreffa med dei som har hatt ansvaret for treffa før vi handsamar rutinen.

Synneva Husabø har i mange år organisert og hatt ansvaret for tysdagstreffa. Synneva ynskjer no avløsing, men oppmodar om at treffa følgjer det godt innarbeidde opplegget vidare. Reidunn Strand har sagt frå leiinga av trimmen i forkant av treffa. Birgit Hansen Melås har teke på seg ansvaret med å lage varm mat.

Vi legg opp til tradisjonelle tysdagstreff i kyrkjelydshuset ein gong i månaden, og enklare samlingar i kyrkja på tysdagane midt i mellom. Vegard og Hallgeir vil ha ansvaret for musikk og andakt, soknerådet må finne foredragshaldarar til treffa i kyrkjelydshuset. Tove tek på seg å vere gruppeleiar for dei frivillige hjelparane. Dei frivillige skal ordne til i forkant og rydde og vaske i etterkant av treffet i kyrkjelydshuset. Dei skal også koke kaffi og syte for kaffimat.

Forslag til frivilligrutine for tysdagstreffa ligg ved innkallinga

Framlegg til vedtak:

Soknerådet godkjenner utkast til frivilligrutine for tysdagstreffet slik den ligg føre.

Vedtak:

Soknerådet godkjenner utkast til frivilligrutine for tysdagstreffet slik den ligg føre.

Sak 24/21: Fordeling av takkoffer

Saksframstilling:

Soknerådet må drøfte og fordele takkoffer på gudstenestene neste halvår, sjå vedlagt liste over gudstenester.

Tildeling av takkoffer for første halvår 2021 vart handsama i møte 08.12.2020. Saksframlegget med vedlegget vi hadde den gongen kan vi også bruke som diskusjonsgrunnlag nå. Dette er difor lagt ved innkallinga.

Framlegg til vedtak:

Saka blir lagt fram utan forslag til vedtak.

Vedtak:

Vedlagt skjema for takkoffer hausten 2021.

Sak 25/21: Ymse

Soknerådet diskuterte arrangementet Salmar og kaffi. Det var tidlegare sokneprest, Egon Askvik, som sette dette i gong, og det har vore mange trivelege kveldar med salmar og kaffi! Likevel, no kan det vere på tide å tenkje litt nytt, og enklare. Det som då er aktuelt er salmekveldar i kyrkja, utan kaffi. Frekvensen kan då auke, men det blir eit enklare arrangement. Vegard føl opp denne saka.

Referent Tove Stensås